

Informasjon frå Ål Kraftverk KF



Organisering

Ål Kraftverk KF er heileigd av Ål kommune. Ål Kraftverk KF leiger tenester av Hallingkraft AS til å førestå salet av krafta til deg som forbrukar i Ål. Alle rekningar og anna informasjon til deg som kunde kjem derfor gjennom Hallingkraft AS. Straumprisen blir fastsett av Ål Kraftverk KF, og di betaling kjem til slutt dit.

Prising

Kommunestyret i Ål har vedteken endra prispolitikk. Sjå tabell for retningsliner for prising av kraft levert frå Ål Kraftverk KF. Tilbodet gjeld berre for levering innanfor Ål kommune:

		Prisgrunnlag – kraftpris utan MVA (øre/kWh ved 20.000 kWh per år)		
		Når pris i marknaden ¹ er under 20 øre/kWh (utan MVA)	Når pris i marknaden ¹ er mellom 22,5 og 37,5 øre/kWh (utan MVA)	Når pris i marknaden ¹ er over 37,5 øre/kWh (utan MVA)
Pris til sluttbrukar	Hushald og næring	Lik pris som snittet av variabel pris hjå dei fem beste alternative tilbydarane	2,5 øre per kWh under snittprisen hjå dei fem beste alternative tilbydarane	Maksimum 35 øre per kWh utan MVA (43,75 øre per kWh inkl. MVA)
	Fritidsbustad ²	Lik pris som snittet av variabel pris hjå dei fem beste alternative tilbydarane		

¹ Tala gjeld for prising over tid, det vil si eit snitt innanfor eit heilt år. Tala gjeld ved eit forbruk på 20.000 kWh per år.

² Hytter som blir drivne som næring får pris for hushald og næring.

Fritidsbustader i utleige (hytter som blir leigd ut så mykje at det næringsverksemd) skal ha pris etter satsen for hushald og næring. Utgangspunktet er verksemd registrert med organisasjonsnummer og relevant næringskode. Andre som meiner dei har rett til prisen for hushald og næring, må stadfeste det med kopi av næringsoppgåve til Hallingkraft AS. Bustad brukt som hytte vil få hyttetariff. I tvilstilfelle må fast tilhald i bustaden stadfestast av folkeregisteret.

Meir informasjon om Ål Kraftverk KF og gjeldande pris, finn ein på Ål Kommune sine heimesider (www.aal.kommune.no). Her er også informasjon om stønad frå energitiltaksfondet i kommunen. Om lag 20 % stønad blir gjeve for ei rekke ulike energivenlege tiltak. Informasjon om aktuell kraftpris kan ein også finne på konkurransetilsynet sine heimesider (www.konkurransetilsynet.no/kraftpriser).

Ål, desember 2010

Ål Kraftverk KF
Geir Tretterud